

Saksnr: 2019/68-1
Saksbehandlar: Matti Torgersen

Saksframlegg

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		12.11.2019
Fylkesutvalet		03.12.2019

Bompengepåslag for ferjestrekningar

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune ber om at bompengeretakstar på ferjestrekningane Langevåg – Buavåg og Gjermundshamn-Årsnes og Varaldsøy-Årsnes samsvarar med 3 sonepåslag på alle køyretøygrupper inkludert nullutsleppskøyretøy > 6 meter, når AutoPASS-regulativet vert innført etter planen 1.1.2020.

Samandrag

Denne saka gjeld justeringar av bompengeretakstane når AutoPASS-regulativet for ferjetakstar vert innført på dei ferjestrekningane der det i dag er bompengeinnkrevjing. Dette gjeld ferjestrekningane:

- Fv. 541 Langevåg – Buavåg
- Fv. 48 Gjermundshamn - Årsnes
- Fv. 48 Varaldsøy – Årsnes

Det vert føreslått å innføre bompengepåslag svarande til 3 takstsonar for desse sambanda.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Håkon Rasmussen
påtroppende fylkesdirektør for
mobilitet og kollektivtransport

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka gjeld i hovudsak justeringar av bompengeretakstane når AutoPASS-regulativet for ferjetakstar vert innført på dei ferjestrekningane der det i dag er bompengeinnkrevjing. Dette gjeld ferjestrekningane:

- Fv. 541 Langevåg – Buavåg
- Fv. 48 Gjermundshamn - Årsnes
- Fv. 48 Varaldsøy – Årsnes

Fylkestinget i Hordaland gjorde m.a. slikt vedtak 1. oktober i sak 79/2019:

«Fylkestinget vedtek å halda fram med implementeringa av AutoPASS-regulativet for fylkesvegferjene i Hordaland i tråd med tidlegare vedtak, utan at passasjerbetaling vert innført på nytt.»

Vedtakskompetanse

Etter reglement etter særlov har fylkesutvalet mynde til å fastsetje bompengeretakstar for fylkesvegprosjekt, jfr veglova § 27.

Vurderingar og verknader

Innføringa av AutoPASS får først og fremst konsekvensar for ferjetakstane. Passasjerar/personar skal ikkje lenger betale ferjebillett. Ferjetakstar for køyretøy vert noko høgare for å sikre inntektsnivået. Det er i dag bompengeinnkrevjing til prosjektet Bømlopakken på Langevåg – Buavåg og til prosjekta Årsnes ferjekai og Løfallstrand på ferjestrekningane Gjermundshamn – Årsnes og Varaldsøy - Årsnes. Alle ferjestrekningane er i prisone 6 i riksregulativet. På alle desse tre ferjestrekningane er det eit bompengepåslag på 4 takstsoner. På ferjestrekningane Gjermundshamn – Årsnes og Varaldsøy - Årsnes er det i dag bompengar på passasjerar i tillegg.

Ferjestrekningane vil fortsette å ha ferjetakstar i tråd med sone 6 i AutoPASS-regulativet. For å halde bompengeretakstane om lag like etter omlegginga til AutoPASS-regulativet, tilrår Statens Vegvesen eit bompengepåslag på 3 takstsoner i AutoPASS-regulativet. Samtidig innfører ein bompengeretakst for nullutsleppskøyretøy for alle køyretøy under 6 m jf. I tråd med dei vedtak som fatta i Fylkesutvalet 25. oktober 2018 i sak 254/18 om takst for nullutsleppskøyretøy og igjen i Fylkesutvalet 28. mars 2019 i sak 45/19.

Tabell 1 under syner ferjetakst, bompenger takstar og totalbillett som i dag og etter innføring av AutoPASS-regulativet for alle køyretøygrupper og passasjerar som betalar bompengar (NB. Langevåg – Buavåg har ikkje bompenger takst for passasjerar).

	Ferjetakst (sone 6) med mva	Bompenge- takst (Påslag 4 takstsoner)	Totalbillett (2019-kr)
< 6,0 m	109	28	137
6,01–7,00 m	267	66	333
7,01–8,0 m	313	78	390
8,01–10,0 m	408	91	500
10,01–12,00 m	489	97	586
12,01–14,0 m	576	107	682
14,01–17,0 m	695	116	811
17,01–19,0 m	793	116	909
19,01–22,0 m	912	126	1038
MC	70	13	83
EI-bil >6 m	62	15	77
Passasjer voksen	41	7	49
Passasjer Barn	21	4	24

Tabellen under syner nye prisar etter innføring av AutoPASS-regulativet for alle ferjestrekningane:

	Autopassregulativ 2019		
	Ferjetakst (Sone 6)	Bompenge- takst (Påslag 3 takstsoner)	Totalbillett (2019-kr)
AP1 < 6 m	144	27	171
AP2 6,01–8 m	319	61	379
AP3 8,01–10	450	79	528
AP4 10,01–12,5	555	88	643
AP5 12,51–14,5	654	88	741
AP6 14,41 – 17,5	780	98	877
AP7 17,51–19,5	841	92	933
AP8 19,51–22	931	99	1030
AP 9 >22 m	1024	109	1133
Motorsykkel	59	8	67
Nullutsleppskøyretøy < 6 m	72	13	85
Passasjerar voksen	Gratis	Gratis	
Passasjerar barn	Gratis	Gratis	

Merk at prisene skal oppjusterast til 2020-kr ved innføring av AutoPASS-regulativet 1.1.2020. Begge tabellane er inklusiv mva.

Økonomi: Bompengepåslaget er naudsynt for å innfri låneforpliktingane for bompengelån.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Vidare prosess

Det må gjerast politisk vedtak i Vestland fylkeskommune. Det vert samstundes sendt til kommunane til orientering. Dersom kommunane har merknader kan slike sendast Statens vegvesen Region vest innan 5. november. Søknad om takstvedtak vert sendt til Vegdirektoratet etter at Vestland fylkeskommune har gjort vedtak om bompengepåslaget. Når takstvedtak er gjort vil saka kunngjera i lokalavisar etc. Det vert sett ein klagefrist på 3 veker. Takstomlegginga vil skje 4-6 veker etter at saka er kunngjort.

Konklusjon

For å innfri fylkeskommunen sine forpliktingar for bompengelånet, må takstane bli justerte. For sambandet Buavåg-Langevåg vil innkrevjinga etter planen vare fram til 2028. For bompengeprosjektet Årsnes ferjekai tilseier prognosan at det ved årsskiftet vil stå igjen om lag 2,35 mill kr i forpliktingar, og at gjelda vil vere nedbetalt i mai 2020. Fylkesrådmannen vurderer det difor som naudsynt å innføre bompengepåslag på desse sambanda, og rår til å følgje tilrådinga frå Statens Vegvesen om å innføre eit påslag på 3 takstsonar på sambanda.